

7 lag med grøne trøyer neste år

01.11.2011



Leiinga for fotballen i Uskedalen får mykje ros for god jobb. Her sit frå venstre leiar Jostein Hauso, nestleiar Anita Simensen og Odd Steinar Arnesen

Neste sesong vil 7 lag med grøne trøyer (UIL) stille opp i serie og cup medan talet har vore 6 i år. Dette vart opplyst under fotballmøtet i kveld på skulen, der også fleire andre aktuelle tema vart drøfta.

Eitt av dei var banespørsmålet som blir stadig meir omdiskutert og der mange meiner at det brenn eit blått lys for Heio. Det var eit åvorleg slag for denne bana at årets SPAR HEiO CUP måtte flyttast til grusbana, der cupen vart avvikla utan store problem og med mange plussfaktorar. Eitt tredje tema var samarbeidet med Rosendal, men her er først lista med lag som blir meldt inn for neste år:

- * 1 jentelag 2004/2005
- * 2 gutelag 2004/2005
- * 1 gutelag 2002
- * 2 jentelag 2002
- * 1 gutelag 1999

Det vart bestemt at det skal haldast eit samarbeidsmøte med Rosendal om laga for neste sesong. Ein av møtedeltakarane uttala at hvis målet er å utvikla gode spelarar, er mye positivt på gang i Rosendal. Men ein annan gjekk så langt som til å hecda at det no kan vera grunnlag for eit sjølvstendig A-lag i Uskedalen.

Så langt ønskjer ikkje leiar av fotballgruppa Jostein Hauso å gå, i ale fall ikkje førebels.

Dette er kommentaren hans til uskedalen.no:

- Vi bør framleis samarbeide tett med Rosendal og så langt som til å etablera eit eige A-lag har Uskedalen enno ikkje nådd. Men hvis rekrutteringa blir halden ope bør det vera gode sjanser for at vi snart er på veg i retning av å spela juniorfotball i grøne trøyer.

Det vart understreka kor viktig det er å behalda det gode miljøet i gruppa og som eit lett i dette skal det både haldast ein fest for trenrarar og leiarar og ein felles sesongavslutning for spelarane, Begge skal avviklast rundt 10. desember.

På programmet står også avvikling av eit lett innføringskurs for å gjera treninga meir effektiv. Også her vart det vist til Rosendal som eit godt døme. Dei køyrer kurs kvart år.

I diskusjonen om Heio si framtid vart særleg den sviktande vassforsyninga påtala og møtet kom med ei oppmading om at nokre friviljuge melder seg til teneste slik at bana kan vedlikehaldast og nyttast til trening også kommande sesong. Det vart sagt at det vil vera tragisk om laget må kvitta seg med Heio, men det er tungt å sitta med to anlegg, Stadig fleire er for satsing på kunstgras på grusbana. Hilde Bringedal slo fast at denne fungerte mykje betre under cupen enn Heio ville gjort. Hauso var for å undersøkja kva ei betre vassforsyning på Heio vil kosta.

- Hvis vi får A-lag kan vi forsvara ei kunstgrasbane, sa han.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Odd Steinar Arnesen klyppar gras på Heio. Kven skal gjera det neste sommar?